

20. mai 2015

Til  
Kulturkontoret

### Uttale frå Lindås kulturråd i samband med fordeling av kulturmidlar 2015

Lindås kulturråd vart etablert våren 2015 og det har ikkje vore tid til å gå inn i detaljar kring forslag til fordeling av einskildbeløp. Kulturrådet vil imidlertid arbeide for om mogleg å kome fram til ein betre fordelingsnøkkel, t.d. kor mykje skal fordelast til born og til vaksne. Kulturrådet har hatt god kontakt med kultursjef og fått god informasjon så langt mogleg i prosessen.

Kulturrådet vil kome med følgjande kommentarar:

1. Lindås kommune har i overkant av 2 mill til disponering av kulturmidlar 2015. Kulturmidlar generelt har ikkje auka dei seinare åra så det er ein reell nedgang i høve prisjustering i samfunnet elles. Det vises til kulturplan hvor kulturmidler skal økes med 50% frå 2009. Det er og nevnt at målet med kulturmidlar skal nå 5% av totalbudsjettet i kommunen innan planperioden.
2. Det er eit ønskje at midlar for drift av Lindås kulturråd og Lindås idrettsråd må setjast av i fast budsjett og ikkje gå på bekostning av kulturmidlar til lag og organisasjonar.
3. Prosjektstøtte må være støtte til prosjekt med varighet maks ett år. Det kan ikkje søkast prosjektstøtte på aktivitet som går år etter år. Det bør ikkje vere mogleg å søkja mange prosjekt pr år – og det bør liggja ein oppfølging av prosjekta frå kommunen si side.
4. Søknadsskjema på kulturmidlar på internett bør gjennomgåast med tanke på variablar i skjema som kan gjere det lettare å kvalitetssikre søknadane. Det vil og gjere det lettare for søkjaren å orientere seg. Kulturrådet vil kome attende til forslag til endringar av skjema.
5. Kulturrådet må få god nok tid til å handsame innstilling på kulturmiddelfordeling frå kultursjef. I samband med dette er det til stor hjelp for kulturrådet at det kjem ut ein «møteplan» som viser handsamingstid for kulturkontor og handsaming i levekår.

På vegne av styret i Lindås kulturråd

styreleiar  
Einar Vatne

sekretær  
Per Ole Ekker



-sign -